

# MØTEBOK

<b>Kommune</b>	<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtestad</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Frå kl. 19.30</b> <b>Til kl. 21.30</b>
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	16.6.20	

## TIL STADES PÅ MØTET

<b>Medlemar</b>	Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.
<b>Vara-medlemar</b>	Ingen
<b>Andre</b>	Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år	26/20, 27/20, 28/20, 29/20.
------------	-----------------------------

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.
--

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til	Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.
----------------------------	--

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.7.20

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 26/20. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 19. mai
- 2) NFS, e-post 20.5: Fjellstyra synlege på nett i 2020
- 3) NFS, e-post 20.5: **Landsmøtet i NFS vert gjennomført som digitalt møte 18.08.20.**
- 4) Statskog SF, brev 26.5. Grunneiers tillatelse til oppsetting av toalett ved Allmenningshytta ved Sagi
- 5) Nærøyfjorden verneområdestyre, brev 27.5. Dispensasjon – Nordheimsdalen – bygge utedo – Aurland fjellstyre
- 6) Sogn Næringshage, avtale 3.6. om leige av bedriftsfiber og skrivar/kopimaskin
- 7) Brev til Bane Nor datert 4.6. frå mattilsynet, villreinutvalet og fjellstyra i Nordfjella. Oppmoding om å innvilga køyreløyve for reinsjegerar på Rallarvegen under jakta
- 8) Trekking av hjortejakta i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen utført 3.6. på fjellstyrekontoret. Stadfesta aksept av tilbodet om jakt.
- 9) NFS, brev 3.6. Støtte til generelle rekrutteringstiltak
- 10) E-post Petter Braaten 5.6. Simle 32936 på utflukt
- 11) Brev frå NVE 9.6. 420 kV Aurland – Sogndal, orientering om vedtak
- 12) Møtebok villreinutvalet for Nordfjella 12.6.

---

Aurland, den 17.7.20

Utskrift til: Fjellstyremedlemene  
og -varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.6.20

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 27/20. Trekking av fellingsløyva for rein

Saksutgreiing og søkjarlister låg føre.

#### **Handsaming i møtet:**

5 fridyrskort vart trekte ut – desse skal lysast ut som dagskort. Trekkinga vart deretter gjort i samsvar med den framgangsmåten som var skissert i saksutgreiinga.

### Sak 28/20. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2020-23

Utkast til forvaltingsplan for 2020-23 låg føre, saman med saksutgreiing.

#### **Samrøystes vedtak:**

Utkast til forvaltingsplan for Aurland statsallmenning vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande tillegg:

- I kap. 1.8 Landbruk vert det lagt til at det i 2019, for første gong på mange år, vart sleppt storfe på beite i Stemmerdalen.

Planutkastet vert lagt ut på høyring på fjellstyret si heimeside, med høyringsfrist 1. oktober.

### Sak 29/20. Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2020

Saksutgreiing låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2020 vert gjennomført etter plan som vert laga av fjelloppsynet. Det vert tinga 5000 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.